Dei nye utbyggingsplanane medfører relativt avgrensa skader på naturmangfald og landskap, men den negative innverknaden periodevis redusert vassføring vil ha på landskapet, blir likevel vurdert til å være for stor til at det kan gjevast dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48, første ledd. Her er kravet at verneverdiane ikkje skal påverkast nemneverdig. Tiltaket vil derfor og være i strid med føremålet med vernet om å ta vare på eit særmerkt og vakkert høgfjellslandskap. Ein legg vidare til grunn at det ikkje er grunnlag for dispensasjon etter denne paragrafen sitt andre eller tredje ledd.

### **Saksopplysninger**

#### **Bakgrunn for klagesaka**

Verneområdestyret ga i styresak 17/19 i møte 12.06.2019 Nilsebu Kraft dispensasjon til utbygging av Gråfolåna i Lusaheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune. Fylkesmannen i Rogaland klaga på vedtaket i brev datert 10.07.2019. Det kom og inn ein klage på vedtaket frå FNF-Rogaland i eit brev datert 24.07.2019. Desse klagene er tidlegare sendt på e-post til alle styremedlemmane.

Verneområdestyret skal i denne saka gjere ei førebuaende handsaming av klagen etter § 33 i



forvaltningslova. Om opphavleg vedtak blir oppretthaldt blir saka sendt Miljødirektoratet for klagehandsaming. Om vedtaket blir endra løpar det ny klagefrist.

Følgjande vedtak vart fatta av verneområdestyret:

*«I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 1 i føreskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde, naturmangfaldlova sin § 48, får Nilsebu Kraft dispensasjon til å bygge ut Gråfolåna i tråd med søknad som er send inn. Dei nye utbyggingsplanane medfører relativt avgrensa skader på naturmangfald og landskap:*

- Kraftverket stoppar produksjonen mellom 1. Juli og 1. September.
- Det skal takast omsyn til villrein i området under anleggsperioden.
- Tiltaket vil ikkje føre til nye veganlegg.

*Samfunnsnyttan av fornybar energi på ca. 39 Gwh, vil klart overstige ulempene med mindre vassføring.*

*Ein dispensasjon vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig og kjem ikkje i strid med verneformålet Jfr. naturmangfaldslova § 48.»*

### **Innkomne klager**

I sin klage har Fylkesmannen i Rogaland lagt avgjerande vekt på desse punkta:

- Det er planlagt ny betongterskel ved inntaket. Denne har avgrensa storleik og vil i liten grad vere synleg utover heilt lokalt. Tiltaket er likevel i strid med nemnte tiltaksforbod i verneforskrifta kap. IV.
- Redusert vassføring (minstevassføring) i 10 månadar om året vil i stor grad skade opplevinga av elva som eit sentralt naturelement i området. Klimaprognosar om redusert snødekke vil på lengre sikt forsterke inntrykket av ei regulert elv, ved aukande barmark-tilhøve både vår og haust. Landskapskvalitetane i det aktuelle området har vore utslagsgjevande for at vernegrensa i si tid blei lagt der ho er. Verdiane er og understreka i fylkeskommunen sin rapport «Vakre landskap i Rogaland» (1995), der området har fått høgaste verdiklassifisering.
- Gråfollåna som uregulert vassdrag får spesielt stor verdi i eit fylke som allereie er sterkt utbygd med omsyn til vasskraft. Gjenverande naturlege vassdrag er såleis sjeldsynte, noko som må få ekstra vekt, jamfør § 10 i NML (samla belastning).
- I verneforskrifta kap. III er formålet å ta vare på «eit særmerkt og vakkert høg fjellandskap som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement». Forskrifta kap. IV har spesifiserte forbod mot tiltak som kan skade dette formålet, mellom anna drenering eller tørrlegging, oppføring av anlegg og andre innretningar. Vi meiner at dispensasjonen til kraftutbygging er i vesentleg strid med dette verneformålet.
- Vi vil og peike på tilsvarende forståing av verneformålet i forvaltningsplanen for SVR (kap. 2.2.2, om kraftutbyggingsaker). Der heiter det at tekniske inngrep i samband med kraftproduksjon bør haldast så lågt som mogleg, og at nye tekniske inngrep bør unngåast i urørte område.
- Vi legg til grunn at løyve til utbygging av Gråfollåna vil ha stor negativ presedensverknad i andre landskapsvernområde, også nasjonalt.

Med grunnlag i det som er nemnt ovanfor meiner Fylkesmannen at vilkåra for å gi dispensasjon etter §48 naturmangfaldlova ikkje er oppfylte. Verneverdiane vil bli påverka nemneverdig og på varig basis. Spesielt den reduserte vassføringa vil i stor grad redusere opplevinga av elva som eit særskilt viktig natur-element.

FNF-Rogaland framhevar mange av dei same punkta i sin klage:

- «FNF-Rogaland er prinsipielt sterkt kritisk til enhver form for ny vannkraftregulering i ethvert verneområde - herunder Lusaheia verneområde. En utbygging her vil kunne ha presedensvirkninger langt ut over denne ene saken, og kunne bidra til en eskalering av den bit-for-bit utbyggingen som nå skjer av norsk natur.
- FNF kan ikke se at vannføring om sommeren endrer prinsippene i den tidligere avgjørelsen ved direktoratet. Siden første søknad i 2010 har det skjedd en god del som skulle tilsa enda strengere vurdering av kraftverk i sårbare fjellområder. I Strategidokument for små vannkraftverk i Rogaland 2014 – 2020 fremheves sårbare høyfjellsområder, slik som i Lusaheia, som landskap med verdier som ikke nødvendigvis er forenlig med ny kraftutbygging..... Selv relativt begrensede inngrep, slik som foreslått av Nilsebu Kraft AS, kan redusere opplevelsesverdien av et forholdsvis urørt fjellområde fordi det bidrar til å endre områdets status og karakter.
- Med en kraftutbygging og redusert vannføring mesteparten av året vil en risikere å endre miljøtilstanden i strid med den norske vannforskriften og EU direktivet.
- Når det gjelder andre naturverdier kan vi legge til at forstyrrelser i anleggsperioden og påfølgende driftsfase påvirker negativt fugl som er vare for forstyrrelser slik som kongeørn (som hekker i området), våker og falker. Dette gjelder også bestanden av lirype som har hatt en dramatisk nedgang de siste tiårene. Vannføring på sommerstid vil ikke hjelpe vadere og andre arter som aktivt tar i bruk vassdraget relativt tidlig på våren. Nilsebuvatn er et populært fiskevatn og endringer i Gråfollåna vil kunne ha en negativ påvirkning på fiskebestander i tillegg til at inngrepene vil ha en negativ effekt på naturopplevelsen generelt.
- Det mest bekymringsfulle er allikevel at en tillatelse til å bygge et kraftverk i et verneområde betyr en uthuling av verneformålet og svekkelse av det forskriften skal beskytte.»

I tråd med forvaltningslova §33 har søkjar blitt varsla om dei innkomne klagane.

## Vurdering

### Vurdering av klagene

Vurdering av dei formelle sidene ved klagen jamfør forvaltningslova §30 (når klagen må vere sett fram) og §32 (klagens adressat, form og innhald).

Kopi av verneområdestyret sitt vedtak var sendt Fylkesmannen i Rogaland 01.07.2019. Klagen kom inn 10.07.2019, innanfor fristen på 3 veker. Vidare går det tydeleg fram kva vedtak det vert klaga på, kva klager meiner skal endrast og grunngeving for klagen.

Ut frå dette vurderast klagen å fylle dei formelle krava i forvaltningslova.



Kopi av verneområdestyret sitt vedtak var sendt FNF-Rogaland 19.07.2019. Klagen kom inn 24.07.2019, innanfor fristen på 3 veker. Vidare går det tydeleg fram kva vedtak det vert klaga på, kva klager meiner skal endrast og grunngjeving for klagen.

Ut frå dette vurderast klagen å fylle dei formelle krava i forvaltningslova.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering har Fylkesmannen i Rogaland klagerett etter naturmangfaldlova sin §62, tredje ledd. Etter verneområdeforvaltar si vurdering har FNF-Rogaland rettsleg klageinteresse og dermed klagerett etter forvaltningslova sin §28, tredje ledd.

I samband med førebuinga av klagesaka har verneområdeforvaltar gått gjennom heile saken på nytt.

Begge klagene legg vekt på at ei utbygging av Gråfollånå vil ha ei stor negativ innverknad på verneverdiane knytt til landskapet i Lusaheia og opplevingsverdiane knytt til dette. Det peikast og på at Gråfollånå har særleg verdi som eit av få uregulerte vassdrag i Rogaland. Begge klagene framhevar og faren for presedensverknadane av ein dispensasjon. Fylkesmannen i Rogaland påpeikar og at vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48 ikkje er til stades, ettersom verneverdiane i Lusaheia vil bli påverka nemneverdig og på varig basis.

Når det gjeld vurderinga av omfanget av dei negative konsekvensane for verneverdiane, står verneområdeforvaltar fast på konklusjonane frå den opphavlege saksutgreiinga. Sjølv om dei negative konsekvensane av ei utbygging av Gråfollånå er relativt avgrensa, vil dei likevel «påverke verneverdiane nemneverdig». Dette handlar i første rekke om negativ påverknad av landskapet knytt til redusert vassføring i Gråfollånå. Den negative innverknaden på andre sider av naturmangfaldet vil være meir avgrensa.

Når det gjeld eventuelle negative presedensverknadar av ein dispensasjon forutbygging av Gråfollånå har verneområdeforvaltar forsøkt å foreta ei konkret vurdering. Det er stor usikkerhet knytt til slike vurderingar da ein ikkje kjenner alle aktuelle kraftutbyggingsprosjekt eller omfanget av dei ulike prosjekta.

I løpet av næraste framtid vil det bli sett i gong vilkårsrevisjonsprosessar for mellom anna Ulla-Førre, Røldal-Suldal og Øvre Otra reguleringane. På bakgrunn av erfaringa med Sira-Kvina revisjonen er det derfor grunn til å tru at det vil bli lagt fram planar om O/U prosjekt som vil berøre verneområda. Mykje tydar derfor på at det vil komme søknader om kraftutbygging i verneområda dei neste 10 åra, sjølv om ein på noverande tidspunkt ikkje kjenner til konkrete planar. Kor mange det vil bli er uråd å si sikkert, men 3-4 søknader av ulikt omfang kan være ei gjetting. Talet på søknader vil og truleg bli påverka av kva for linje verneområdestyret legg seg på i handsaminga av slike prosjekt, kor ein lite restriktiv dispensasjonspraksis kan resultere i ei auke i talet på søknader.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering, vil ein dispensasjon til utbygging av Gråfollånå derfor ha presedensverknader for søknader om liknande kraftutbyggingsprosjekt i dei verneområda verneområdestyret har forvaltningsmynde for. Det er samstundes vanskeleg å vurdere kor mange prosjekt dette vil gjelde, og kor store skadeverknader for verneverdiane ein slik forvaltningspraksis vil medføre. Det er likevel ein viss fare for at ein dispensasjon til utbygging av Gråfollånå vil opne for situasjon der dei samla skadeverknadane kan bli relativt store.

Eit heilt avgjerande punkt i denne saka er vurderinga av om dei negative verknadane av utbygginga er såpass lite omfattande at det er heimel til å gi dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova. Her er



«kravet» at tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig og at tiltaket ikkje må vere i strid med formålet med vernet. Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil den reduserte vassføringa i Gråfollånå vår og haust ha ein såpass stor innverknad på verneverdiane knytt til landskapet, at den må karraktriserast som nemneverdig. Basert på vassføringsmålingar frå 2006-2008, som er framskaffa av søkar, vil ikkje vassføringa i Gråfollånå overstige minstevassføringa i meir enn om lag 15 av 90 dagar i tidsrommet september-november. I mai og juni vil vassføringa og bli redusert, men snøsmeltinga vil normalt sikre noko meir vassføring i elveleiet. Basert på dei same vassføringsmålingane frå 2006-2008 vil vassføringa i Gråfollånå overstige minstevassføringa i om lag 20 av 60 dagar i tidsrommet mai-juni.

#### Konklusjon

Sjølv om dei negative konsekvensane av utbyggingsplanane for Gråfollånå er relativt avgrensa, er dei likevel så omfattande at dei vil «påverke verneverdiane nemneverdig». Ein dispensasjon til utbygging vil og ha presedensverknader for liknande saker i verneområda.

Grunnlaget for dispensasjon etter naturmangfaldlova sin § 48, første ledd, er ikkje oppfylt, og det er derfor ikkje juridisk grunnlag for å gje dispensasjon til ei utbygging av Gråfollånå.





**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/7648-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 11.09.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	30/19	18.09.2019

### **SKK-BASE - Søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i samband med Heliboogie 2020, Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Forsand kommune**

#### **Forvalters innstilling**

I medhald av §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen avslag på sin søknad om dispensasjon til å bruke helikopter til persontransport i samband med arrangementet "Heliboogie 2020".

Sjølv om verneområdestyret har gitt dispensasjon til arrangementet sidan 2011, har ein etterkvart komet til eit punkt kor forstyrringane av fotturistane i området står i fare for å bli så omfattande at helikoptertransportane kjem i konflikt med verneføremålet sitt punkt om at "*Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging*". Det kan såleis ikkje gis dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48, første ledd.

I vurderinga er det og lagt vekt på at talet på besøkande til Kjerag mest truleg vil auke i åra framover, og at søkar opplyser at dei ikkje ønskjer at dispensasjonen skal ha ei avgrensing i talet på helikoptertransportar. Alt tydar derfor på at konflikten mellom fotturistane si naturoppleving og Heliboogiearrangementet vil auke i åra framover. Eit arrangement som krev ein massiv bruk av motorferdsel vil ikkje være førereneleg med fotturistanes ønskje om naturoppleving, og etter verneføreskrifta er det naturopplevinga som skal ha førerangen.

Verneområdestyret vil presisere at BASE hopping er ei aktivitet ein ønskjer velkommen på Kjerag, men at aktiviteten framover må skje utan motorisert transport i verneområdet.

## Saksopplysninger

### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 20.08.2019, og tidlegare handsamingar av liknande søknader i AU sakane 126/2012, 268/2012 og 62/2013, samt Delegasjonssak RO 49/2017 og AU-sak 30/2018.

SBK BASE v/ Stein Edvardsen søker om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde. Søknaden gjeld persontransport i samband med BASE hopp arrangementet "Heliboogie 2020" som er planlagt gjennomført fire dagar rundt 20. juni 2020. Helikoptertransportane vil gå føre seg mellom dei tre landingspunktane Lysebotn, Kjerag og Geitaneset, kor dei to siste ligg inne i Frafjordheiane landskapsvernområde. Landingspunkta og flygeruta mellom dei, er teikna inn på eit kart som følgjar saksutgreiinga.

Med bakgrunn i usikkerhet knytt til værtilhøva og talet på deltakarar, søker ikkje SBK BASE om eit fast tal transportar, men ber om å få gjennomføra så mange transportar som er naudsynt for arrangementet. Søkar presiserer at ramma på 250 transportar i dispensasjonen for 2019 vil være for liten om det blir fire dagar med fint vær under arrangementet i 2020. Med grunnlag i erfaringar frå tidlegare år vil talet på transportar truleg ligge ein stad mellom 200 og 300. For arrangementet i 2017 rapporterte søkar om 278 gjennomførte transportar, mens talet låg på 157 i 2018 og 168 i 2019.

I følgje opplysningar frå søkar og informasjon på søkar si nettside <http://stavangerbase.com/about-the-helibooogie/>, vart dette arrangementet gjennomført første gang i 1999. Vanlegvis er om lag 25 land, og opp til 200 hopparar representert. Noko som gjer det til det største arrangementet i verden av sitt slag. SBK seier at dei har gjennomført Heliboogie i fleire år med stor suksess, og at den har vore med på å sette Kjerag/Lysefjorden på verdskartet både blant hopparar og andre turistar. All hopping vil i følgje søkaren gå føre seg i kontrollerte former, styrt av SBK.



Flygerute for helikopter. Rød strek er for helikopter i stigning. Grønn strek er for helikopter på vei ned. Rød prikk er landingspunkt for helikopter.



### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frافjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frافjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

### Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta.

Føremålet med opprettinga av Frافjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høg fjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn, og vidare at *"Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikkje er nær bakken, er og forbode"*. I §3, punkt 5.2 er det nemnt einskilte unnatak frå forbodet og i §3, punkt 5.3 er det lista opp fleire tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad.

Etter forvaltningsmyndigheita si vurdering kjem dei omsøkte helikoptertransportane ikkje inn under nokre av dei tiltaka som er nemnt i §3, punkt 5.2 og 5.3 i verneføreskrifta for Frافjordheiane landskapsvernområde. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova som har avløyyst dei generelle dispensasjonsreglane i §4 i verneføreskrifta.

*I §48 i Naturmangfaldslova heter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig"*.

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

- Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig.
- Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

Det følger av samme retningslinjer at forvaltningsmyndigheten særlig bør vurdere presedensvirkninger av en dispensasjon.

Helikoptertransportar til Kjerag blir også særskilt omtala i Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og, kapittel 3.6.4 under overskrifta *"Retningslinjer for bruk av helikopter til Kjerag i samband med reiseliv, marknadsføring og basehopping"* på side 74. Her er det utarbeida nærare retningslinjer og vilkår for handsaming av dispensasjonssøknadar i samband med helikoptertransport til mellom anna filmopptak. Formålet med retningslinjene er mellom anna å gje ein mest mogleg avklara

forvaltningspraksis, avgrense negative effektar på verneverdiar og opplevingskvalitetar, og å lette oppsynsoppgåvene. Retningslinjene er ei vidareføring av tilsvarande retningslinjer i Fylkesmannen i Rogaland si forvaltningsplan for Frافjordheiane frå 2007. I Forvaltningsplanen heitar det vidare:

- “Tidsvindauga” vil bli strengt handheva, og avgrensa til fire samanhengande dagar i andre halvdel av juni, og fire dagar i september. “Tidsvindauga” skal definerast med datoar i kvar einskild dispensasjon, utan høve til forlenging grunna dårleg vêr eller liknande.
- I vurderinga av søknaden, skal det vere avgjerande om helikopterflyging er absolutt naudsynt for å gjennomføre tiltaket.
- “Tidsvindauga” i september er reservert for reportasjeverksemd.
- Flyging og landing skal skje kortaste veg frå fjorden og inn til stupkanten ved Kjeragplatået, eventuelt Geitaneset, med retur same veg.

Som ein del av prosessen med utarbeiding av Besøksstrategi for SVR, sendte verneområdestyret hausten 2018, ut eit forslag til føringar for motorferdsel og ekstremsportaktivitetar på Kjerag på høyring. I Besøksstrategi for SVR er det på s. 49 er derfor mellom anna desse føringane tatt inn:

- Det vil ikkje bli gitt dispensasjonar til helikoptertransport til filming og medieføremål eller bruk av droner utanom forvaltningsplanen sine tidsvindauge i juni (fire dagar) og september (fem dagar).
- Det samla talet på helikoptertransportar og droneløyver i dei to tidsvindauga må avgrensast slik at forstyrringa av besøkande fotturistar blir så liten som mogleg.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frافjordheiane har forvaltningsmynde for Frافjordheiane landskapsvernområde.

## Vurdering

### *Tidlegare forvaltningspraksis*

Forsand kommune har dei siste åra gjeve løyve til det omsøkte tiltaket med heimel i Lov om motorferdsle og Naturmangfaldslova, samt på bakgrunn av retningslinjene i Forvaltningsplanen. Verneområdestyret har og gjeve løyve til arrangementet i 2012, 2013, 2014-2017, 2018 og 2019 med heimel i verneføreskrifta, naturmangfaldlova og forvaltningsplanen. Dispensasjonane for 2012-2017 vart gitt utan ei øvre grense for talet på helikoptertransportar. For 2018 vart det sett i øvre grense på 300 transportar, mens grensa vart sett til 250 i 2019.

Verneområdestyret fekk hausten 2017 inn ei bekymringsmelding som mellom anna omhandla gjennomføringa av Heliboogie. Det vart mellom anna dokumentert at BASE hopparane tok med seg gjenstandar som syklar utfor kanten av stupet. Verneområdestyret drøfta bekymringsmeldinga på møte 15.11.2017. Her kom ein fram til at ein ikkje ønskja og nekte dispensasjon for arrangementet, men at vilkåra for dispensasjonen skulle skjerpast og at arrangementet skulle kontrollerast nøyare. Det kom og fram at nye dispensasjonar bør avgrensast til eit år, inntil verneområdestyret har handsama ein samla plan for ekstremsportaktivitetane på Kjerag.

Den 23.07.2018 meldte AU i Verneområdestyret for SVR arrangementet Heliboogie 2018 til politiet for brot på verneføreskrifta. Under arrangementet i 2018 vart det montert eit stillas og ei stor «hoppepute» ute på stupkanten. Denne installasjonen vart forankra med 12 boreboltar. Både

mellombels installasjonar og boreboltar er søknadspliktige etter verneføreskrifta. Denne saka er framleis under etterforsking.

Under Heliboogie 2019 hadde SNO personell på Kjerag under deler av arrangementet. Etter SNO si vurdering var arrangementet gjennomført i samsvar med dispensasjonen.

#### Vurdering av presedensverknader


Heliboogie er eit eineståande arrangement i verneområda som Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for. Aktiviteten var etablert før Frafjordheiane vart verna i 2004, og retningslinjer for arrangementet vart fastsett i forvaltningsplanen for området i 2007. Ein dispensasjon vil derfor ikkje ha presedensverknadar for Frafjordheiane eller nokon av dei andre verneområda som Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for.

#### Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

#### Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Den omsøkte landingsplassen ligg om lag 950 moh nær kanten mot Lysefjorden. Området består av mykje fjell i dagen og flekkar med skrinn vegetasjon. Hovudsakleg lav, mose og grasartar. Landingsplassen er lokalisert om lag 700 m nordvest for utkikkspunktet ved Nesatind og om lag 800 m nord for Kjeragbolten.



Kart over landingspunkt for Heliboogie, Kjeragbolten og Nesatind

Denne delen av Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret sidan 1990-talet. Dette blir og stadfesta av resultatane frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområdet har vore i nærleiken av området der arrangementet skal gjennomførast den tida dei hadde sendar. Heller ikkje nyare GPS data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) har registrert plott frå området.

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekk i dette området.



Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarende informasjon frå Temakart Rogaland. Her er det registrert ein hekkelokalitet for Tårnfalk i den bratte fjellveggen om lag 400m frå det omsøkte landingspunktet på toppen av Kjerag. Tårnfalk er i oppført som livskraftig i den nasjonale rødlista, men arten er svært sårbar for forstyrningar i nærleiken av reirplassen. Dette gjelder særlig for perioden for egglegging og ruging frå slutten av mai og ut juni.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om. I følgje Fylkesmannen i Rogaland (2001) er områda rundt Kjerag gjennomgåande artsfattige.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.asketadden.no](http://www.asketadden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne i nærleiken av den aktuelle landingsplassen.

Kunnskap om fotturismen på Kjerag baserer seg på NINA-rapport 1411 Brukerundersøkelse ved Kjerag sommar/haust 2017. Her kjem det fram at det er svært mykje ferdsle i dette området i samband med fotturisme. I følgje ferdselsregistreringar gjennomført av NINA var det om lag 55.000 besøkande på Kjerag i 2017-sesongen. På bakgrunn av tala frå 2017, vil det kvar dag være om lag 250 besøkande på Kjerag i perioden rundt 20. juni.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som godt på dei aller fleste områda. Samstundes har ein inga sikker kunnskap om utviklinga av talet besøkande på Kjerag. Både internasjonale og nasjonale trendar innan reiselivet tydar på at fotturismen på Kjerag vil auke i åra framover, men dette er ikkje noko ein kan vite sikkert. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor og bli tillagt vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det omsøkte tiltaket vil gå føre seg relativt nær dei registrerte hekkelokalitetane for tårnfalk, men på eit tidspunkt som gjer at det er liten fare for redusert hekkesuksess. I og med at det ikkje er registrert andre sårbare artar og naturtypar i på staden, vil desse helikopterturane, etter forvaltningssekretariatet si vurdering, berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område.

Det er fare for at fotturistane som oppheld seg på Kjerag desse dagane vil dei kunne få ei redusert naturoppleving. Sjølv om avstanden til landingsplassen frå Nesatind og Kjeragbolten er 7-800 m, og svært få av dei besøkande går vidare enn Kjeragbolten og såleis kjem i direkte kontakt med BASE hopparane, vil ein både kunne sjå og høyre helikoptera når dei landar og tek av. Gjennomførte ferdselsregistreringar viser at fleirtalet av dei besøkande på Kjerag kjem frå utlandet og at dei berre besøker Kjerag ein gong. Det er derfor ekstra viktig at opplevinga av området kan skje utan forstyrring frå motorferdsel.

BASE hopp arrangement med helikoptertransport av hopparane, var ein pågåande aktivitet da Frافjordheiane landskapsvernområde vart oppretta i 2004. Nærare retningslinjer for helikoptertransportar vart såleis nedfelt i den første forvaltningsplanen for verneområdet frå 2007 og vidareført i den eksisterande frå 2015. Det er likevel viktig å påpeike at det i forvaltningsplanen opnast for at det kan søkast om helikoptertransport i dei to tidsvindauga, men at det er ein føresetnad at motorferdsla ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket eller ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Samstundes har det gjennom dispensasjonane til arrangementet frå 2011-2019 blitt

etablert ein forvaltningspraksis som det etter verneområdeforvaltar si vurdering må være tungtvegande grunnar for å endre på.

Samstundes har det etter kvart blitt eit paradoks at det blir gitt dispensasjon til så mange persontransportar med helikopter til Kjerag, når det er en svært streng praksis i høve til persontransport elles i verneområda. Det er og eit stort paradoks at talet på helikoptertransportar under arrangementet er såpass høgt samstundes som talet på besøkande til Kjerag har blitt mangedobla. I tillegg har tidspunktet rundt 20. juni endra seg frå å ligge i førekant av turistsesongen til å bli ein del av hovudsesongen for fotturismen på Kjerag. Dermed har forstyrringane i samband med arrangementet blitt meir omfattande og påverkar mange fleire fotturistar enn det som var tilfellet når dagens forvaltningspraksis vart etablert. Dette er og ei konflikt som truleg vil auke i omfang ettersom satsinga på turisme i Lysefjordområdet truleg vil medføre stadig fleire besøkande på Kjerag. Mellom anna har Lysefjorden utvikling søkt om å få godkjent stien til Kjerag som Nasjonal turiststi. Det er heller inga langsiktig løysing å avgrense talet på dispensasjonar til arrangementet. Sjølv ei avgrensing på til dømes 20 helikoptertransportar om dagen vil medføre ei omfattande forstyrring av fotturistane på Kjerag, og denne type avgrensingar vil truleg gjere det vanskeleg å gjennomføre arrangementet.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av helikopter som eit aktuelt alternativ, sjølv om BASE hopp frå Kjerag gjennomførast utan helikoptertransport resten av året. For framtida må det likevel leggst opp til eit arrangement som kan gjennomførast utan motorisert transport.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

### *Konklusjon*

Det omsøkte tiltaket vil berre i liten grad ein negativ innverknad på verneverdiane knyt til naturmangfaldet i Frafjordheiane landskapsvernområde, og vil i liten grad komme i konflikt med verneføremålet på dette området.

På grunn av det avgrensa talet på dagar, flygeruta rett opp frå Lysefjorden og avstanden til Kjeragbolten og Nesatind, har forstyrringa av fotturistane i området fram til nå blitt vurdert til å være såpass avgrensa at ein har kunne gi dispensasjon. Samstundes vil det på grunn av den forventa veksten i talet på besøkande til Kjerag være stadig fleire fotturistar som vil oppleve forstyrring frå arrangementet. Ein er derfor nå ved eit punkt kor forstyrringa av fotturistane vurderast til å ha eit slik omfang at den omsøkte motorferdsla er i strid med verneføremålet. Det kan såleis ikkje gis dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48, første ledd.



## Vedlegg

### Landingsløyve Heliboogie 2020

Hei Alf

Her er tilbakemeldingen etter heliboogie 2019 På grunn av veldig dårlig vær så fikk vi ikke mer enn 168 landinger.

Det var betydelig mindre hoppere også i år sammenlignet 2018, omtrent halvparten.

Dere hadde jo oppsyn med oss denne gangen. Har dere fått noe tilbakemelding fra oppsynet?

Lurer også på om dere har hatt klager eller andre tilbakemeldinger i år?

Til: Roy Frivoll, Alf Odden SVR og Johanne Thu Forsand kommune Videre så ønsker jeg med dette å søke på ny landingstillatelse for Heliboogie 2020.

Vi planlegger Heliboogie fra med Onsdag 17.06.2020 til og med Lørdag 20.06.2020

Vil også presisere at 250 landinger er for lite hvis været slår til med 4 dager fint vær.

Ønsker med dette å søke om et ubegrenset antall landinger. Det ville vært utrolig tragisk å måtte stoppe etter to dager på grunn av en slik begrensning vi har hatt tidligere.

Håper på svar innen rimelighetens tid da det krever tid for oss å organisere og at gjestene trenger god tid til å planlegge for Heliboogie.

Mvh

Stein Edvardsen





**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Kommunehuset, 4440 Tonstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47 38 17 62 03  
fmavgso@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/7657-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 11.09.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	31/19	18.09.2019

### **Oppfølging av tilbygg gjennomført uten tillatelse på eksisterende gjeterhytte ved Håheller gnr/bnr 62/455, Valle kommune- Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde.**

#### **Forvalters innstilling**

Nomeland og Brokke driftehei v/Livar Ravndal må søke verneområdestyret dispensasjon til allerede gjennomførte byggetiltak på driftehytta ved Håheller. Det må og søkes om dispensasjon for oppstilling av campingvogna ved driftehytta dersom den skal stå der gjennom beitesesongen.

Byggetiltaket blir vurdert til å ha et såpass avgrensa omfang at det trolig ville bli gitt en dispensasjon etter verneforskriften. Verneområdestyret kan derfor akseptere etterbehandling av byggetiltaket.

Verneområdestyret vil behandle søknaden etter forskrift om vern av Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde pkt. 1.3 c mindre tilbygg til eksisterende bygninger og §48 i naturmangfoldloven for plassering av campingvogn.

Søknad må sendes til forvaltingssekretariatet innen 27 september 2019.

#### **Saksopplysninger**

##### Bakgrunn for saken

Sekretariatet mottok e-post fra Statens Naturoppsyn datert 2.juli 2019 med bilder av driftehytte ved Håheller, med spørsmål om ulike tiltakene som er gjennomført er behandlet etter verneforskriften.

Det er bygget syv hundehus som står fastmontert til den østlige hytteveggen og en platting 12,5 m<sup>2</sup> som er bygget utenfor inngangspartiet. Driftelaget har også en campingvogn stående permanent ilt barmarksesongen (figur 1).



Figur 1: Driftehytte på Håheller – Nomeland og Brokke driftehei i Valle kommune

Sekretariatet sendte e-post til «heiesjef» (Livar Ravndal) for Nomeland og Brokke driftehei datert 5.juli 2019 og ba om en redegjørelse:

*SVR (forvaltingsstyremakten for verneområdene i Setesdal Vesthei) har registrert et par fasadeendringer ved driftehytte, Håheller.*

*Etter vår vurdering er det blitt laget platting og hundehus som utgjør en fasadeendring (se vedlegg), som er søknadspliktig etter verneforskrift for landskapsvernområde.*

*Det står også en campingvogn stasjonert like ved hytta, etter forskrift er plassering av campingvogner forbudt.*

*Ber om en redegjørelse for fasadeendringer og plassering av campingvogn.*

Svar fra «heiesjef» i Nomeland og Brokke Driftehei, datert 5.juli.2019

*Har gjort en del vedlikehold på driftehytta i forbindelse med at jeg overtok som heiegjeter igjen*

*Når det gjelder plattingen er dette noe som alltid har vært her men som nå er bytta med ny materialer. Det gamle var råttent og farlig å ferdes på. Bilder kan vise dette.*

*Hundegården ble bygget for at vi ikke skulle ha hunder springende rundt uten tilsyn med tanke på vei og annet. Før var der en hundegård som sto løs litt oppafor der hvor kempingvogna står. Den var også så råttent og lite pen at jeg så det som mye ryddigere å sette opp ny der Hundehuset ble bygget i god tro og tanken streifet meg ikke at dette var noe av betydning for noen.*

*Beklager på det sterkeste dette og håper jeg kan få beholde den slik den er.*

*Når det gjelder vogna er den satt der for å avlaste sengeplasser i vårjaging av sauer og til høstsamlinga. Om ikke dette er greit vil jeg følgelig fjerne vogna så snart dere sier fra om det.*

#### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

#### Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde:

- “1. Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.
2. Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa. “

Verneforskriftens kapittel IV punkt 1.1 forbyr inngrep som “*vesentlig kan endre landskapets art eller karakter*”. Forskriftenes opplisting under punkt 1.1 setter et generelt forbud mot nye bygninger og plassering av campingvogn.

Naturmangfoldloven § 48, dispensasjon når det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig:

Det er to vilkår for dispensasjon etter denne bestemmelsen og begge vilkårene må være utfylt for at dispensasjon kan gis:

- 1) Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig, og
- 2) Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.



Styret for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Fráfjordheiene har forvaltningsmyndighet for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde.

### **Vurdering**

Enhver handling som er i strid med et forbud eller pålegg i naturmangfoldloven, verneforskrift eller enkeltvedtak med hjemmel i disse, er å anse som en overtredelse av regelverket. Bygging uten tillatelse som i dette tilfelle er å karakterisere som en overtredelse.

Det er viktig at verneområdestyre følger opp overtredelser og helst skal dette skje så raskt forvaltningen får kjennskap til overtredelsen.

Naturmangfoldloven har flere bestemmelser om håndheving og sanksjoner ved brudd på regelverket som: retting og avbøtende tiltak, dirkete gjennomføring, tvangsmulkt eller miljøerstatning. Saken er av så liten karakter at verneområdestyret unngår disse virkemidlene i denne omgang.

Sekretariatet har hatt en dialog med Fylkesmannen i Agder om saken. En utbredt praksis med etterfølgende tillatelser kan gi et uheldig inntrykk av at det er «enklere å få tilgivelse enn tillatelse».

Verneområdestyre vurderer ikke overtredelsens omfang som stor, tiltakene som er gjennomført uten søknad vil med stor sannsynlighet fått dispensasjon etter verneforskrift og naturmangfoldloven. Overtredelsen er oppdaget og tiltakshaver har fått en advarsel, dette vil få en skjerpene effekt for dem og andre aktører i verneområde.

### **Konklusjon**

Nomeland og Brøkke Driftehei må søkes om tiltakene som er gjennomført i ettertid. Overtredelsen er av så liten karakter at andre virkemidler mht til reaksjoner blir overdrevet. Tiltakshaver har fått en reaksjon som vil ha en skjerpene effekt for senere.





**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjth@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/7135-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 10.09.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	32/19	18.09.2019

## Søknad om landingsløyve for helikopter i samband med fiskeutsetting, 2/8 Enden i Bykle. Ingvil Hovden

### Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Ingvil Hovden løyve til landing med helikopter ved Kaldsåvatn i Bykle for transport av fisk for utsetting. Løyvet gjeld for ei landing i perioden 1. oktober – 31. oktober 2019.

Vilkår:

- Så langt som råd skal flyging skje min. 300 over bakken.
- Om det vert observert villrein i aktuelle området må transporten utsettast til faren for forstyrning er forbi.
- Det må også søkast Bykle kommune for landingsløyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*.
- Løyvet må takast med under transporten


Verneområdestyret legg vekt på at det er tale om særns avgrensa transport der ulempa i første rekke er knytt til støy av forbigående karakter. Landinga vil såleis i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde og kjem ikkje i konflikt med verneverdiane.

### Saksopplysninger

Ingvil Hovden gnr.2, bnr. 8 i Bykle har søkt om landingsløyve for Helikopter ved Kaldsåvatn i Bykle. Føremålet med transporten er utsetting av fisk. Aust-Agder fylkeskommune har tidlegare gjeve løyve til slik utsetting. Opphavelag vart det søkt om ei landing i perioden 30. august – 30.

september. I område med villreinjakt er det praksis for at det ikkje vert tillate landing med helikopter i perioden 20. august – 30. september utover landing på utvalde plasser for henting av felt villrein. I forståing med søkar er difor transporten utsett til oktober.

Kart over landingsplass er teken inn nedanfor.



Forvaltar kan ikkje sjå at det er ein praksis for å gi landingsløyve i samband med fiskeutsetting. Av den grunn vert saka difor lagt fram for styret.

#### *Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

#### *Hjemmelsgrunnlag*

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 5.1.c kor det heiter at start og landing med motordrevne luftfarty er forbode. I verneforskrifta er det inga spesifisert dispensasjonsheimel for å tillate landing med helikopter for utsetting av fisk. Saka må difor handsamast etter naturmangfaldslova § 48. Av denne går det fram at forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå vernevedtak om tiltaket ikkje strir mot verneføremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.



## Vurdering

### Vurdering etter naturmangfoldlova

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfoldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### *Kunnskapsgrunnlaget (§8)*

Kunnskapen om naturmangfoldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)).

Området Kaldsåvatn og Enden vert nytta av villrein gjennom store delar av året og særskild på vårparten. Området ligg også i kalvingssone for villrein (Vatnedalshei) med særskilde ferdselsrestriksjonar i perioden 25. april – 31. mai.

Forvaltar har ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar i området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

### *Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).*

Området Enden ligg i mellom dei regulerte vatna Vatnedalsvatn og Harteavatn. Motorisert transport i området er i første rekke avgrensa til transport med snøscooter til eit fåtal driftshytter. Frå Harteavatn er det godkjend preparert vinterløype opp frå Harteavatn men denne har ikkje vore preparert dei seinare åra. Ferdsel til fots er i første rekke avgrensa til jaktutøving og sauehald.

Transporten har eit sær avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter.

### *Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Forvaltar vurderar bruk av helikopter til å vera eit miljømessig godt alternativ til bruk av snøscooter. Reint praktisk må det og vera betre å sette ut fisk på hausten før isen legg seg.

Søkar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte.

### *Vurdering i høve til naturmangfaldslova § 48*

Landinga skal skje i ein periode på hausten der viltet generelt er mindre sårbar for forstyrning. Det gjeld også berre ein transport. Så langt har det vore få søknader om motorisert ferdsel for utsetting av fisk i SVR. Det er såleis ikkje grunn til å tru at ein opnar for ein praksis som på sikt gir monaleg auke i bruk av helikopter for utsetting av fisk. Skulle dette endre seg kan det bli aktuelt at ein slike utsetting krev ein samla kultiveringsplan for større område.

Med bakgrunn i dette er vurderinga at landinga ikkje strir mot verneføremål eller vil påverke verneverdiane nemneverdig.





## **Konklusjon**

Transport vil i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde og kjem ikkje i konflikt med verneverdiane. Søknaden vert innvilga med ei landing i aktuelle periode

**ST 33/19 Eventuelt**